



Eirik Fausa  
Pålaveien 33  
5179 GODVIK

Dato: 03.06.2015  
Vår ref.: 2014/19667-122  
Saksbehandlar: irekron  
Dykkar ref.:

## Borgund huset - gnr 30 bnr 68 - Bergen kommune - Avslag på søknad om tilskot til vern og vøling av kulturminne 2015

Vi viser til Dykkar søknad av 26.03.2014 om tilskot til vern og vøling av kulturminne.

Ordninga med tilskot til vern og vøling av kulturminne vart handsama i Kultur- og ressursutvalet på møte den 13.05.2015, sak 76/15. Dykkar søknad vart dverre gitt avslag.

### Grunngjeving:

For 2015 var det kr 891.000,- til fordeling og det kom inn 51 søknader med ein samla søknadssum på kr 9.378.523.

Det kom inn mange gode søknader. Med avgrensa midlar har det vore naudsynt å prioritera mellom kvalifiserte søkerar slik at nokre fekk avslag medan andre vart tildelt deler av summen det vart søkt om. Til grunn for handsaminga av dykkar søknad låg skildringa av prosjektet i søknaden. Dykkar søknad vart vurdert saman med andre søkerar opp mot retningslinene for ordninga. Dykkar søknad nådde dverre ikkje opp ved dette høvet.

Vedlagt følgjer kopi av fylkesrådmannen si tilråding og Kultur- og ressursutvalet sitt vedtak. Dette kan også finnast på Hordaland fylkeskommune si heimeside.

### Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklaga vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalda opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjera. Vi gjer merksam på at De etter Forvaltningslova har rett til å gjere Dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

Per Morten Ekerhovd  
fylkeskonservator

Sakshandsamar: Stein Ottosen

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*